

20 unge husnesingar på gamal skule

09.06.2011



Skulekameratar framfor gamal skule. Dei 4 ansatte frå barnehagen er Wenche Seljestad, Marianne Sund, Ellinor Gåsdal og Camilla Ravenel

Ein hyggjeleg tradisjon.

**Det slog pedagogisk leiar Wenche Seljestad fast
då 20 skulekameratar frå Myrane barnehage på Husnes var samla
i Haugland gamle skule i føremiddag.
Dette var sjette året på rad Myrane
reiste til Kvinnherad skolemuseum med dei som skal starte på skulen
til hausten. 5- og 6-åringane opplevde ein annleis
skuledag og var engasjerte og flinke.**



Ylva og Vanessa får ei hjelpende hand

Nok ein gong opplevde ein som var fluge på veggjen
at ei over 100 år gamal skulestove med inventar
og lærermiddel kan spela ei viktig pedagogisk rolle.
Skuledagen var koncentrert
til 2 1/2 time, og det starta med den stramme disiplin som prega gammeskulen.
Elevane måtte bukka og handhelsa på lærarinna etter å ha
sunge om klokka som klang.. Og dei måtte stå pent ved sida av pultane.



Kuleramma var eit effektivt hjelpemiddel!

Skuledagen starta naturleg

med geografi ettersom alle dei gamle karta fanga stor interesse.

Lærar Wenche hadde si fulle hyre med å svara på alle spørsmåla
om kor landa låg og ligg og då Marianne Sund slapp til med mattetime
og brukte kuleramme som hjelpemiddel imponerte 'kameratane' stort.

- Dere er kjempeflinke og kunne gått på denne skulen, var konklusjonen.
Og så var elevane flinke til å syngja - dei kunne både nasjonalsongen
og Blomster små.



Slik var Europa før siste krig!

Lese og skrivetime var siste post på timeplanen
før matøkt og friminutt.

Elevane reagerte kvikt på framande ord som vart lese - til dømes undra dei
på kva lauga betydde.

- Elevane har godt av å oppleva korleis det var i skulen før. Det
handlar i stor grad om røtene våre., sa Wenche, som karakteriserte ungane
'sine' som skuleglade1

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen